



Til aktuelle høyringsinstansar

Dato: 12.12.2017

Vår ref.: 2017/835-4

Saksbehandlar: arnasan

Dykkar ref.:

## Forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i tannhelsetenesta i Hordaland

### Samandrag

Fylkestinget i Hordaland vedtok i mars 2016 (sak 6/2016) klinikksstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. I høyringsrunden før handsaminga av klinikksstrukturplanen kom det fleire merknader om auka reiseutgifter grunna lengre reiseveg for pasientar og pårørande når tannklinikkar vert lagt ned. I saksframlegget foreslo fylkesrådmannen at det skulle utarbeidast ei forskrift om dekking av reiseutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har ikkje tidlegare vedteke ei eiga forskrift for reiserefusjon. I dag dekkjer tannhelsetenesta i Hordaland skyssutgifter til prioritert klientell i gruppe a, b og c etter den rimelegaste reisemåten. Bil kan nyttast om helsetilstand eller rutetider for offentleg transport tilseier at det er mest føremålstenleg. Eigendelen er kr. 146,- per veg. Born under 10 år betaler ikkje eigenandel.

Pasientar/føresette eller institusjonar må sjølv legga ut det reisa kostar, og så senda krav til tannhelsetenesta på eigne skjema etter at tannbehandlinga er avslutta.

Dei fleste pasientane i prioriterte grupper er i dag innom tannklinikken ein gong for kvart 1,5 - 2 år, og får heller ikkje i dag utbetalt reiserefusjon. Fylkesrådmannen ønskjer at ny forskrift skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode. Endringa går ut på å gå frå ein eigenandel per veg på kr. 146,- til ein eigenandel per år på kr. 1000,-. I tillegg vil det også redusera det administrative arbeidet av ordninga. Arbeidsmengda blir redusert ved å unngå utbetaling av ei stor mengd små beløp.

Den nye forskrifta for dekking av skyssutgifter blir gjeldande så snart endeleg politisk vedtak er fatta. Tannhelsetenesta i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane har utarbeida utkast til retningslinjer i nært samarbeid. Fylkestinget i Sogn & Fjordane og fylkestinget i Rogaland har allereie vedteke forskrifta. Det er ein stor fordel at tannhelsetenesta i alle dei tre fylka har like retningslinjer for refusjon av skyssutgifter.

### Utkast til forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i tannhelsetenesta i Hordaland:

1. Forskrifta er gitt av Hordaland fylkeskommune og er heimla i lov om tannhelsetenester § 5-1 tredje ledd.
2. Forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentleg transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr km følgje **Helsenorge.no** sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekka.
8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år vert ikkje dekka.

- 9.** Tapt arbeidsforteneste for personar som må følgje pasienten vert ikkje dekka.
- 10.** Søknad om dekking av reiseutgifter må som hovudregel vere innsendt innan utgangen av året.
- 11.** Klagenemda i Hordaland fylkeskommune er klageinstans.
- 12.** Forskrifta tek til å gjelde frå .....